

Til deg som
skal røyste!



Nye regler

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2003



Viktig informasjon om valet

- Nye reglar for korleis du røystar på valdagen
- Nye reglar for kvar du kan førehandsrøyste
- Nye reglar for korleis du kan endre på røystesetlane

Måndag 15. september 2003 er det kommunestyre- og fylkestingsval.

Ein del kommunar held også val søndag 14. september. Når du røystar, er du med på å avgjere kva for parti og kva for personar som skal få plass i kommunestyret og fylkestinget.

I år har vi fått nye og enklare reglar for å endre på røystesetlane. Endringane frå veljarane på røystesetlane vil ha meir å seie for kven som blir valde, og innverknaden frå partia er redusert. Derfor er det viktig at flest mogleg nyttar høvet til å endre på røystesetelen.

Nytt i år når du skal røyste

Kommunen avgjer kvar og når du kan røyste på valdagen.

Du kan røyste i kva røystelokale som helst i den kommunen der du er manntalsført. I år får ikkje alle veljarane valkort i posten slik dei har fått ved tidlegare val. Dette vil vere opp til den enkelte kommunen.

Røystesetlane til kommunestyrevalet er kvite, og røystesetlane til fylkestingsvalet er blå. I Oslo er det ikkje fylkestingsval.

Slik gjer du:

- 1** Ta røystesetelen til det partiet eller den gruppa du ønskjer å røyste på ved høvesvis kommunestyrevalet og fylkestingsvalet.
- 2** Gjer endringar på røystesetlane dersom du ønskjer å gje personrøyster.
- 3** I år blir det ikkje brukt konvolutt. Brett saman røystesetlane slik at ingen ser kva du har røysta.
- 4** Gå til ein valfunksjonær som stemplar røystesetlane.
- 5** Legg deretter sjølv dei stempla røystesetlane i urna.

Skal du førehandsrøyste?

* Du kan førehandsrøyste i perioden frå måndag 11. august til fredag 12. september.

Ordninga med å røyste på Posten er avvikla. Kommunen informerer om kvar du kan førehandsrøyste. Er du sjuk eller ufør, kan du søkje kommunen din om å få røyste heime.

Du kan førehandsrøyste i kva kommune som helst. Dersom du førehandsrøystar utanfor den kommunen du er manntalsført i ved kommunestyrevalet – eller utanfor fylket ditt ved fylkestingsvalet, vil du få utlevert éin røystesetel. Her står namna på alle dei registrerte politiske partia, men ingen kandidatnamn. Du merkjer av for det partiet du ønskjer å røyste på eller skriv namnet på ei lokal liste.

Du kan ikkje røyste på nytt på valdagen dersom du førehandsrøystar.

Korleis endrar du på røystesetelen?

Røystesetelen avgjer kva for eit parti du røystar på. Dersom du vil røyste på kandidatar, må du endre på røystesetelen/gje personrøyster. Det er ikkje lenger høve til å stryke kandidatar. Kandidatane skal røystast inn, ikkje ut. Rettleiing om korleis du gjer endringar, står også på røystesetelen. Ikkje ver redd for å gjere endringar! Røystesetelen blir ikkje forkasta sjølv om du gjer feil.

Ved fylkestingsvalet kan du...

- gje *personrøyst* til kandidatar på røystesetelen. Set i så fall eit merke (kryss, hake eller liknande) i ruta ved namnet til dei kandidatane du vil røyste på. Du kan gje personrøyst til så mange av kandidatane du vil.

Du kan ikkje føre opp slengjarar ved fylkestingsvalet.

Ved kommunestyrevalet kan du...

- gje *personrøyst* til kandidatar på røystesetelen. Set i så fall eit merke (kryss, hake eller liknande) i ruta ved namnet til dei kandidatane du vil røyste på.

Dersom namnet til nokon av kandidatane står med utheva skrift, tyder det at partiet/gruppa har prioritert dei framfor de andre kandidatane og gjeve dei eit såkalla *røystetillegg*, som dei får uavhengig av om veljarane gjev dei personrøyster eller ikkje.

Du kan gje personrøyst til så mange kandidatar du vil, anten dei er utheva eller ikkje.

- gje personrøyst til kandidatar frå andre parti/grupper, såkalla *slengjarar*. Skriv i så fall kandidatnamna i eit eige felt på røystesetelen for ditt parti.

Ver merksam på at når du fører opp slengjarar, vil ein del av røysta di bli overført til det andre partiet/gruppa. Verdien av røysta di for det partiet/gruppa du røystar på, blir tilsvarende redusert.

Kor mange slengjarar du kan føre opp, står på røystesetelen.

Fylkestingsvalget 2003 Framifrå Fylke Fylkeslista

- Kari Korsnes, 1969
- Leif Grutle, 1935
- Marit Strøm, 1952
- Nina Karlsen, 1976
- Terje Guneriusen, 1962
- Mary Smith, 1964
- Arve Olufsen, 1979
- Hans Hansen, 1952
- Signe Martinsen, 1954
- Olav Jensen, 1981
- Sigurd Samuelsen, 1945
- Tony Lindquist, 1982

Kommunestyrevalget 2003 Dalen kommune Bygdelista for Dalen

- Svein Johansen, 1980
- Maren Berg, 1952
- Lars Holm, 1962
- Nadia Kahn, 1970
- Stine Hansen, 1955
- Inger Østlie, 1974
- Eduardo Perez, 1941
- Hans Hansen, 1952

Personstemme til kandidater på andre lister (slengere)
Skriv navnet her:

Anders År

Kandidatar med røystetillegg

Kryss av for personrøyster

Før opp slengjarar

Kven blir valde?

Først finn valstyret ut kor mange representantar partiet eller gruppa får i kommunestyret eller fylkestinget ved å telje røystesetlane. Så tel valstyret opp personrøystene for å finne ut kva for kandidatar som kjem først.

Kven har røysterett ved valet?

- *Norske statsborgarar* som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som nokon gong har vore registrerte som busette i Noreg. Det har ikkje noko å seie om dei er registrerte som busette i utlandet på valdagen.
- *Statsborgarar i andre nordiske land* som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, dersom dei blei registrerte som busette i Noreg seinast 31. mai i valåret og framleis bur i landet på valdagen.
- *Andre utanlandske statsborgarar* som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, dersom dei har stått innførte i folkeregisteret som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen.

Alle som skal røyse, må vere innførte i manntalet. Du står i manntalet i den kommunen der du var folkeregistrert som busett 31. mai i år. Har du flytta etter dette tidspunktet, er det framleis den adressa du hadde 31. mai, som avgjer kvar du har røysterett.

Hugs legitimasjon når du skal røyse!

For meir detaljert informasjon om den nye valordninga, ta kontakt med kommunen din eller sjå **www.valg.no**

Internettadressa til kommunen din er oftast: www.kommunenamn.kommune.no

Godt val!



Utgjeve august 2003 av
Kommunal- og regionaldepartementet

Publikasjonsnummer: H-2141 Nynorsk

Publikasjonen er omsett til 15 språk
og finst på Internett:

www.valg.no